

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: post@hib.no ; post@hisf.no ; postmottak@hsh.no Innsending etter 01.01.17: post@hvl.no
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda. Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
Kapittel 4	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane. Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1? b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
Kapittel 5	Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leing og fagleg organisering)
	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Kapittel 6	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
Ansvarlig	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
Utsending	Programsekretariatet

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Seksjon for personal og seksjon for økonomi Nærregion Sogn og Fjordane
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Felles møte 4.1.2017 for seksjon for personal, seksjon for økonomi og personal- og økonomirådgjevarane på avdelingane. Seksjonane personal og økonomi gir eit samla høyringsinnspel. Økonomirådgjevarane frå avdelingane gir eigne innspel via avdelingane dei er knytt til.
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov</p> <p>Seksjon for personal og seksjon for økonomi Nærregion Sogn og Fjordane tilrår modell 1.</p> <p>Grunngjevinga for dette er at det dei første åra må vere eit sterkt fokus på å bygge institusjonen Høgskulen på Vestlandet. Det gjer vi best ved å ha ressursane innanfor personal- og økonomifeltet organisert i ei fellesadministrativ styringsline med distribuerte tenester på studiestadane.</p> <p>Vi tilrår ei organisering av dei administrative tenestene som fremjar lik og gjennomgåande god kvalitet på dei administrative tenestene i HVL slik at vi kan utvikle felles standardar, like rutinar og retningsliner. Dette blir best fremja av eit organisatorisk samlande fagmiljø for administrativt personale med jamleg opplæring for å sikre god kompetanse på korleis oppgåvene skal gjennomførast. Økonomi og personal er viktige fagområde som må holde god kvalitet for å fremje profesjonalitet i støtteapparatet til organisasjonen. Vi trur at det vil vere mest effektivt å samle ressursane slik at ein kan utnytte den samla kapasiteten innanfor dei administrative tenestene best mogeleg.</p> <p>Eit samlande organisatorisk fagmiljø, vil bidra til god kvalitet i administrative tenester. Det er viktig å oppretthalde stadnære tenester i alle deler av administrasjonen for å få løyst oppgåvene nærast mogeleg der utfordringane er, og å oppretthalde og utvikle gode tenester på alle studiestader. Samla</p>

organisatorisk fagmiljø vil og gjere det meir fagleg interessant å arbeide i administrative stillingar uavhengig av studiestad. Det vil gi mindre sårbarheit og gi betre moglegheit for å jobbe med utviklingsoppgåver. Eit samla organisatorisk fagmiljø som vert leia av ein økonomidirektør vil sikre effektiv ressursbruk i forhold til avbyråkratisering og effektivisering.

Økonomiforvaltninga skal skje i samsvar med lover, forskrifter og departementets bestemmelsar om økonomiforvaltning jamfør Lov om universitet og høgskular. Det inneber blant anna felles rapportering frå styret om status til den samla verksemda. Det krevst at økonomiforvaltninga er i takt med det årshjulet som gjeld og skjer i tråd med dei bestemmelsar som gjeld for dette fagområdet. Dette er særst viktig i oppbygginga av ein ny organisasjon; å sikre etterleving av lover og reglar. Økonomistyring er også kritisk i den perioden vi no går inn i, slik at vi meiner dette best vert sikra ved å sentralisere økonomiressursane.

Høgskulen på Vestlandet skal og ha ei personalforvaltning i tråd med nasjonale krav og føringar. I tillegg skal Høgskulen meisle ut sin eigen personalpolitikk. Dette blir best i vareteke ved å ha ei felles administrativ leing på institusjonsnivå.

Ein felles administrativ leiar på institusjonsnivå med instruksjonsmynde over økonomitilsette og ein for personaltilsette i organisasjonen, vil sikre at forvaltninga skjer i tråd med dei bestemmelsar som gjeld og at forvaltninga held lik og gjennomgåande god kvalitet. Tilsette vil kunne nyttast på tvers i organisasjonen og slik sett sikre betre ressursutnytting. Vi tilrår at personaldirektør og økonomidirektør vert tilsett på nivå 2. Dette gir organisasjonen høve til å ha ei samla økonomistyring, felles økonomirutinar, felles rutinar knytt til ressursplanlegging med omsyn til arbeidsplanar og felles arbeidsvilkår for fagtilsette osv. Dette gir organisasjonen moglegheit til å hente ut gevinsten, også fagleg administrativt, ved å bli større.

Ein felles administrativ leiar på personalområdet sikrar ei samla utvikling av tenester som leiaren har instruksjonsmynde over og er ein ressurs for eventuelle personaltilsette som ligg i styringslinje under dekanane.

Problemstillingar og utfordringar nært knytt til studentar, tilsette og fagmiljø, kan raskt bli løfta opp og løyst i fellesskap i eit større fagmiljø samtidig som det gir læring i heile fagmiljøet i organisasjonen. Dette føreset at administrativt personale er plassert i lag med fagmiljøa på alle studiestadene og er tett på behova i miljøet. Nærleik, vil bidra til at kunnskap om fagmiljø og studiestader er godt forankra i det fagleg administrative arbeidet. Dette er viktig for å best mogeleg vera ein ressurs for tilsette, studentar og fagleg verksemd samtidig som det fagleg administrative arbeidet held høg og lik kvalitet i organisasjonen. Å ha ei fagleg forankring, også administrativt, bidreg til fagleg trygghet og større profesjonalitet i utøvinga av tenestene.

Vi rår til, heilt klart, å gå for modell 1, men med ei klar føresetnad om at administrativt tilsette innanfor dei fleste administrative fagområde, skal vera fysisk lokalisert på alle studiestader og knytt til alle fagmiljø for å sikre detaljkunnskap om studiestader og fagmiljø som er naudsynt for å utøve tenester

	med lokal og fagleg forankring. Slik byggjer vi best ein ny organisasjon med god lokal og fagleg forankring .
Kap 5	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Kap 6	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Andre merknader	